



Politistudent Magnus Kristiansen sikrar spor. Til høgre Kåre Guddal

Ein gong mellom laurdag klokka 13 og i dag klokka 0730 er det stole verdiar for 130 000 kroner frå Byggeriet i Uskedalen. Tjuvane skrudde av eit vindauga på baksida. Politiet er sterkt interessert i opplysningar hvis nokon har sett eller høyrte noko. For få veker sidan vart eit av dei store vindauga i fronten av bygget knust, men då vart ingenting stole.

Kåre Guddal som er dagleg leiar oppdaga innbrotet då han kom på jobben i dag olpplysar Kvinnheringen. Han fant 2 plankebord strødd på golvet og såg at det mangla elektroverktøy innanfor. Det er i hovudsak oppladbare boremaskinar og større sager som er borte. Det var stole utstyr også i bakrommet der dei ubedne gjestene kom inn..

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Kvinnheringen